

## **Emneevaluering våren 2016**

### **Emnekode og namn: NODI302/Fagdidaktikk i nordisk for integrert lektorutdanning**

#### **Faglærer si vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** Det har vore 10 studentar på kurset og 10 undervisningsøker. Kurset har vore delt mellom to forelesarar med fem øker kvar. Oppmøtet på forelesingane har stort sett vore bra. Alle studentane har halde munnlege framlegg av ein pensumtekst. Dei fekk delvis velja tidspunkt og tekst ved å skriva seg på ei liste den første undervisningsøkta. Nokre øker har det vore to presentasjonar, for det var ingen presentasjonar den første og siste økta. Dei ni første forelesingane vart haldne før langpraksisperioden, og den siste gongen før praksis svara dei også på evalueringsskjemaet for kurset som denne rapporten byggjer på.

Etter praksisperioden har dei fått individuell rettleiing (20 – 30 min) på semesteroppgåva og éi undervisningsøkt.

Strykprosent og fråfall: 0

Karakterfordeling på semesteroppgåva: A: 1, B: 3, C: 5, D: 1 (Tala tek ikkje omsyn til eventuell klagesensur.)

Studieinformasjon: Studentane har fått beskjed på Mi Side og på e-post.

Tilgang til relevant litteratur: Studentane har kunna kjøpa pensumlitteratur i Litteraturkiosken til UB og elles måtta kjøpa nokre bøker sjølve.

Det har blitt lagt ut undervisningsmateriell og anna på Mi Side etter forelesingane.

#### **Faglærer si vurdering av rammevilkåra**

Lokale og undervisningsutstyr: Forelesingane har vore lagde til HF-bygget eller Sydneshaugen skole, og det har fungert greitt baa stader. Undervisninga har vore lagd til ulike tidsrom mellom kl. 08:15 – 14 og på ulike dagar, men det har også gått greitt.

#### **Faglærer sin kommentar til student-evalueringan(e)**

**Metode – gjennomføring:** Emneevalueringa blei gjennomført på papir på den nest siste forelesinga, der 7 av 10 studentar møtte.

Det har i stor grad vore bra oppmøte blant studentane. Fem av sju studentar hevdar å ha følgt 75% av undervisninga. Ein student seier han har følgt 100% av undervisninga, og ein meiner 50%.

Fem meiner det er bra at dei må melda frå når dei ikkje kan møta til undervisninga, medan to meiner det ikkje spelar noka rolle.

Seks studentar oppgjev at dei er nøgde med undervisninga i emnet, éin student er verken nøgd eller misnøgd.

Tre svarar at dei er svært nøgde med organiseringa og informasjon om undervisninga, og fire er nøgde.

Det som vert trekt fram som noko studentane er spesielt godt nøgde med i undervisninga, er:

- Dei praktiske oppgåvene dei har fått, inkl. case
- Studentinnlegga
- Arbeidet med konkrete eksamensoppgåver
- Praktiske oppgåver knytt til teorien
- Å kunna arbeida med materiale frå skulen

Av forbetringstiltak vert desse punkta trekte fram:

- At forelesingar vert lagde litt seinare på dagen (nokre dagar starta alt kl. 08:15) Ein annan student skriv at ein må forventa at dei kan delta innafør tidsrommet 8 – 16 som er normal arbeidstid.
- Dela opp i reine forelesingar og seminar slik at ein får betre tid til å arbeida med case
- Meir gruppearbeid sentrert mot pensum
- Studentforelesing ut frå at kvar student har lese ein artikkel
- Meir studentinvolvering, meir diskusjon og oppgåver knytt til praksis
- I større grad visa korleis teoretiske tekstar er relevante i faktiske situasjonar i læraryrket og fleire konkrete tips
- Setja krav til at studentane har lese pensum før seminaret

På spørsmålet om omfanget av pensum skriv fire studentar at omfanget er passe, medan tre skriv at det er for stort. Då vert det også presisert at det er for stort i høve til den tida dei fekk til å lesa det. Dette kan nok skuldast at det stundom var nokså tett med forelesingar innafør ei veke.

Seks av studentane meiner at pensum har passe vanskegrad, men ein student svarar at det er for krevjande, og at tekstane er unødvendig tunge, keisame og lite relevante for læraryrket. Ein student utdjuar med å seia at han kunne ønskja meir praksisretta pensumtekstar, t.d. frå 101-serien til Kverndokken.

Det er også seks studentar som meiner at samanhangen mellom dette emnet og andre emne i lektorutdanninga er ganske god, medan éin student svarar «veit ikkje» på dette spørsmålet. Det vert under dette spørsmålet blant anna sagt at dei ser samanhang mellom teori i pedagogikk og didaktikk og korleis dei utfyller kvarandre. Det vert også sagt at dei ser samanhang med andre NODI-fag, og at det er relevant i høve til praksis.

Studentane har også fått spørsmål om kva dei sit att med som det viktigaste læringsutbyttet, og her kom det fram:

- Arbeid med elevtekstar, eksamensoppgåver og vurderingskriterium
- Lærte mest av den artikkelen dei skulle framføra
- Nyttig med den timen der dei skulle finna eit tolkingsfellesskap

- Er meir førebudd på den faktiske lærarsituasjonen
- Sit att med mykje relevant informasjon og tips med tanke på vurdering og spesielt munnleg aktivitet i timane
- Kunnskapar og tips om utøving av norskfaget i praksis

### **Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Studentane verkar jamt over nøgde både med undervisninga og organiseringa av kurset. Ordninga med å melda frå ved fråfall til undervisninga ser også ut til å vera noko me kan halda fram med, og truleg bidreg det nettopp til den ønskede effekten at det vert meir forpliktande å møta fram.

Det kan elles sjå ut til at studentane ønskjer meir av det dei er nøgde med, og at dei i endå større grad ønskjer å delta aktivt i undervisningsøktene. Det tolkar eg som eit positivt signal. Desse studentane kan i stor grad fungera som ressursar for kvarandre, og det å laga ein god gruppedynamikk og eit læringsfellesskap der dei også får høve til å diskutera lærestoffet gjennom praktiske oppgåver, er viktig å halda fram med. Modellen i år har vore ei veksling mellom forelesing og seminar på ein dobbelttime. Det ser ut til å ha fungert etter intensjonen sjølv om dei etterlyser meir av det.

Pensum vart delvis revidert i vår, og trass i at det kan bli mykje å lesa på kort tid, ser det ut til å fungera bra.

Ut frå kva dei seier at dei sit att med som viktige læringsutbytte, ser me at dei også dreg fram relevansen dette kurset har til praksisfeltet. Det å klara å kopla teorien dei les saman med praksisfeltet kan aldri bli ei sovepute, og vil alltid vera den limen som gjer at det fagdidaktiske kurset viser relevans til den ventande arbeidskvardagen samstundes som det gjev kveik og dynamikk og bidreg til refleksjon i studentgruppa.

Bergen, 22. juni

Ragnhild Lie Anderson

- emneansvarleg NODI302, våren 2016